

Godkjend søknad til utsiktsrydding.

08.06.2017



Ryddinga langs elva på Nedre Fet er godt synleg.

**Uskedal utvikling har motteke svar frå Fylkesmannen om at søknaden utsiktsrydding er godkjend. Løyvinga kr. 56.000,- vert utbetalt etter gjeldande krav om dokumentasjon og ferdistilling. Mykje av arbeidet er gjort, noko gjenstår.**

Det var etter eit ope møte i Uskedal utvikling om vegetasjon og hogstsrydding at fleire partar saman sende søknad på tilskotsordninga Utsiktsrydding. Det omsøkte arealet ligg i elvosen og langs elva til ovom Uskedal bru. Stemnepllassen og toppen på Skårhaug er også ein del av område. Område ovom bruva på Kjærlandssido er vanskeleg å koma til. Her må ein sikra ved bruk av sele.



Geir Enes ryddar arealet på oppsida av brua.

Det vert løyvd midlar på inntil 70 % av totale kostnader på kr. 80.000,- Partane er Elveeigarlaget, Bondelaget, Friluftsplaget og private grunneigarar. Uskedal utvikling har hatt det administrative ansvaret. Partane vil med det første bli innkalla til informasjonsmøte om ferdigstilling av arbeidet, dokumentasjon og rapportskriving.

Mange har merka seg det flotte arbeidet som er gjort så langt. Uskedal utvikling vonar dette prosjektet kan vera eit føredøme og ein inspirasjon til meir rydding langs elva og på inn- og utmark.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Det er utført eit stort arbeid med vegetasjonsrydding på Stemneplassen.